



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Frode Finsås AS Aut. rørleggerfirma

Haukedalsbotn 54  
5119 ULSET

**Dykkar ref.**

**Sakshandsamar:**

Trygve Solberg

**Vår ref.**

2010/1481 - 0 -  
9102/2011

**Telefon**

56375000

**Arkivkode:**

214/48

**Dato:**

29.03.2011

Delegert sak

**Løyve til tiltak - framføring av kommunalt vatn, Asle Holthe m. fl.  
gbnr 214/48, Fyllingsnes**

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteken 09.03.2011. og vedlagt:

- situasjonsplan
- søknad om ansvarsrett
- gjennomføringsplan
- oversikt over eigedommar som er med
- avtalar
- søknad om tilkopling til sanitæranlegg
- løyve frå Bergen og omland havnevesen

Saksutgreiing/vurdering

Søknaden gjeld prosjektering og utføring av arbeid med å knyta 8 eigedommar til kommunalt vassverk. Leidningen skal delvis leggst på sjøbotn og delvis i borehol i fjell. Bergen og omland havnevesen har sett vilkår for utføring og skilting av sjøleidning i sitt vedtak. Eigedommane har private avløpsanlegg og vilkåra for å knyta seg til offentleg vatn er at eigedommane har godkjent utslepp.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar .

C.5.2.a. 3 Søknadspliktige tiltak (Pbl§20-2)	6.200,-
--	---------

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert søknaden godkjent på følgjande vilkår:

1. Fellesanlegget og dei private tilknytningane skal stetta teknisk drift sine krav til sanitæranlegg.
2. Det skal sendast inn søknad om tilknytning til kommunalt nett for kvar enkelt eigedom.
3. Plassering av leidningar og kummar skal dokumenterast med x,y og z - koordinatar i EUREF, seinast ved ferdigmelding. Kopi skal sendast til Bergen og omland havnevesen.
4. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gitt (pbl §21-10).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gitt, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl. § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.



Godkjenning av føretak for ansvarsrett i samsvar med PBL §§ 22-3, jf 21-4 (3).

Følgjande har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Fagområde	Tkl	Føretak	Org. nummer	S/L
SØK		1	Frode Finsås AS	940734711	S
PRO	Anlegg for tilkopling til vatn	1	Frode Finsås AS	940734711	S
UTF	Anlegg for tilkopling til vatn	1	Frode Finsås AS	940734711	S

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Einar Urheim  
fagleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

Kopi:

- Asle Holthe, 5235 Rådal
- Teknisk drift, her